

Saksprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 22.05.2017
Arkivsak: 17/1066

Sak: 24/17

SAKSPROTOKOLL - INTERKOMMUNALT SAMARBEID OM TENESTER

Formannskapet 08.05.2017 sak 24/17

Samrøystes TILRÅDING:

1. Rådmannen får fullmakt til å greia ut interkommunalt samarbeid om tenestene IKT, landbruk, PPT og norskopplæring med samfunnskunnskap.
2. Eksisterande interkommunale samarbeid vert gjennomgått og rutinar for oppfølging av vertskommunesamarbeid vert lagt fram i eiga sak.

Kommunestyret si behandling:

Forslag frå Ane Mari Braut Nese -h

Nytt punkt 3:

Eit evt samarbeid må i saka samanliknast med korleis me i framtida vil organisere tenestene i Klepp, i tillegg til slik me løyser det i dag.

Votering:

Kommunestyret stemte først over forslaget frå Ane Marie Braut Nese -h om nytt punkt 3, forslaget fekk 31 stemmer.

Formannskapet sin samrøystes tilråding punkt 1 og punkt 2 fekk 31 stemmer.

KOMMUNESTYREVEDTAK:

Med alle stemmer blei vedtatt:

1. Rådmannen får fullmakt til å greia ut interkommunalt samarbeid om tenestene IKT, landbruk, PPT og norskopplæring med samfunnskunnskap.
2. Eksisterande interkommunale samarbeid vert gjennomgått og rutinar for oppfølging av vertskommunesamarbeid vert lagt fram i eiga sak.
3. Eit evt samarbeid må i saka samanliknast med korleis me i framtida vil organisere tenestene i Klepp, i tillegg til slik me løyser det i dag.